Uskedelingar i dobbeltkonsert

28.10.2009

Johannes Taranger og Hermund Døssland frå Uskedalen har tydeligvis ein flink lærar - Thomas Bakke (til høgre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Elevane i kulturskulen har kome godt i gang også i dette semesteret. Det viste dei onsdag føremiddag då dei hadde sin tradisjonelle haustkonsert på Malmanger skule. Det var forresten ikke berre ein konsert - det var to og dei var identiske. Og Uskedalen var naturleg nok solid representert.

Avslutningsnummeret til fiolinelevane gjorde inntrykk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Elevane viste til fulle kva dei har lært så langt denne hausten og det er sannelig ikkje lite. Ikkje minst allsidigheit er eit ord som bør nyttast, her vart det spela både på fiolin, piano, gitar, kornett, althorn og baryton.
Det kan ikkje vera tvil om at kulturskulen framleis har ein solid og dyktig lærarstab.

Kornettgruppa har elevar både frå Rosendal, Omvikdalen og Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utan at ein sksal diskriminera nokon kan det ikkje vera tvil om at det avsluttande nummeret med seks på fiolin gjorde eit særleg inntrykk.

Men også gitarduoen sin tolking av “Postman Pat” er eit nummer ein vil hugse.

Av Ola Matti Mathisen